



- Eg synest vi har fått gjort mykje på tre dugnadsdagar, sa fotballgruppeleiar Ivar Gundersen til uskedalen.no i Aktivitetshuset onsdag ettermiddag.



Då var det stor aktivitet med måling ved medlemmer av gruppene for turn og fotball og Gundersen kunne tilfreds slå fast at det har vore god dugnadsinnsats sidan starten i helga.

Det er ikkje mykje malingsarbeid som står att og så er det listing og flislegging av golv som står for tur.

Det er ikkje sett opp nokon bestemt framdriftsplan, men målet er klart nok: Aktivitetshuset må vera ferdigstilt innan 1. desember, ellers fell tippemidlane bort.

På det øverste biletet får Kjell Erik Taranger og Roar Musland servert kaffe av Oddmund Soldal medan dei tek ein pust i bakken frå målinga.

Under er Hege Lekva og Ingunn Myklebust i arbeid.

(Foto: Ola Matti Mathisen).